

Møte torsdag den 18. januar 2007 kl. 10

President: C a r l I . H a g e n

D a g s o r d e n (nr. 42):

1. Interpellasjon fra representanten Per-Kristian Foss til fornyings- og administrasjonsministeren:

«Av Riksrevisjonens merknader til departementenes forvaltning og gjennomføring av budsjettet for 2005, Dokument nr. 1 (2006-2007), går det frem at det forekommer en rekke brudd på regelverket for offentlige anskaffelser. Dette gjelder blant annet brudd på regler om konkurranse, likebehandling og etterprøvningsbarhet. Slike brudd på grunnleggende prinsipper for anbudsverksamheten lager rom for misligheter, og vanskeliggjør etterfølgende kontroll. Brudd på anbudsreglementet kan således ha medført et betydelig misbruk av skattemidler.

På hvilken måte vil statsråden ta tak i problematikken overfor de enkelte departementene, særlig i forhold til departementenes kontroll med underliggende virksomheter, for å sikre at anbudsreglementet for fremtiden etterfølges?»

2. Referat

*Minnetale over tidligere stortingsrepresentant
Reidar Strømdahl*

Presidenten: Ærede medrepresentanter!

Vi har mottatt budskapet om at tidligere stortingsrepresentant Reidar Strømdahl har gått bort. Han ble 93 år gammel.

Reidar Strømdahl møtte som stortingsrepresentant for Arbeiderpartiet gjennom hele fem stortingsperioder. De første fire periodene var han representant for Vestfold, og den siste perioden møtte han for Buskerud.

Reidar Strømdahl ble født i 1913 i Skoger i Vestfold. Han var sønn av snekker Martinius Strømdahl Kristoffersen og husmor Anette Grinde. Han hadde en mangfoldig og innholdsrik yrkeskarriere. Han startet som ung på et trelastkontor. Senere arbeidet han en tid i NSB, før han gikk over til journalistikken. Etter å ha skaffet seg regnskaps- og revisjonsutdanning ble han i 1936 ansatt i Riksrevisjonen hvor han arbeidet som førstesekretær, konsulent og senere byråsjef. I perioden 1968–1983 var han administrerende direktør ved Lier sykehus.

Reidar Strømdahl kom tidlig inn i politikken. Han stiftet arbeiderungdomslaget i Skoger og var dets første formann. Han ble senere formann i Skoger Arbeiderparti og hadde en rekke kommunale verv, bl.a. som formann i forsorgsstyret, den kommunale oppgjørsmnd, administrasjonskomiteen og barnevernsnemnda. Videre var han bl.a. medlem av komiteen til behandling av billighetserstatninger, av Normeringsutvalget for Sivilforsvaret og plankomiteen for Lier sykehus. Strømdahl var også aktiv i idrettbevegelsen og hadde tillitsverv i flere idrettsorganisasjoner.

Det er likevel først og fremst som stortingsrepresentant Reidar Strømdahl vil huskes. Gjennom alle sine 20 år på Stortinget, fra 1950 til 1969, satt han i justiskomiteen,

hvor han nøyaktig og grundig respekterte sitt arbeid. Han hadde en korrekt og konsis uttrykksform, og han var klar, enkel og rett på sak. Når Strømdahl tok ordet i en sak, var han alltid vel forberedt. Selv om han ikke var blant dem som opptrådte på Stortingets talerstol i utrensmål, vek han ikke unna for en frisk debatt, og han hadde både snert og brodd i replikken.

Blant sakene som opptok ham sterkt på Stortinget, var sivilforsvarssakene og arbeidet med barne- og ungdomsvern. Han var dessuten i alle år ordfører for saker som omhandlet fengselsvesenet. I etterkrigsårene var Strømdahl en aktiv pådriver for bygging av nye og moderne fengsler, og han var en sterk forkjemper for å gi de innsatte gode muligheter til aktivt arbeid, kurs og utdanning. I så måte var han en foregangsman for moderne kriminalomsorg og rehabilitering. Han engasjerte seg også sterkt for de rusavhengige, som han mente måtte behandles som syke og ikke som kriminelle. Verdig omsorg for samfunnets utstøtte var en av Strømdahls viktigste kampsaker. For sin lange og utrettelige innsats for sosial rettferdighet ble Reidar Strømdahl hedret med æresmedlemskap i Det norske Arbeiderparti i 1969.

I privatlivet var Reidar Strømdahl kjent for å være usedvanlig omgjengelig med fin sans for humor, og han var godt likt av alle. Han vil huskes som et godt menneske med stort sosialt engasjement.

Det er i dyp respekt vi lyser fred over Reidar Strømdahls minne.

Representantene påhørte stående presidentens minnetale.

Presidenten: Representanten Gunvald Ludvigsen vil fremsette et representantforslag.

Gunvald Ludvigsen (V) [10:06:00]: På vegner av representantane Lars Sponheim, Trine Skei Grande og meg sjølv vil eg fremje eit representantforslag om helseforsikringar og personvern.

Presidenten: Forslaget vil bli behandlet på reglementsmessig måte.

Endring av ukeprogrammet

Presidenten: Med hjemmel i forretningsordenens § 26 fjerde ledd vil presidenten foreslå at det oppsatte ukeprogram for inneværende uke endres, slik at det i dag, torsdag 18. januar, etter stortingsmøtets slutt settes referatmøte i Odelstinget.

– Ingen innvendinger er kommet mot presidentens forslag, og det anses vedtatt.

S a k n r . 1

Interpellasjon fra representanten Per-Kristian Foss til fornyings- og administrasjonsministeren:

«Av Riksrevisjonens merknader til departementenes forvaltning og gjennomføring av budsjettet for 2005, Do-

kument nr. 1 (2006-2007), går det frem at det forekommer en rekke brudd på regelverket for offentlige anskaffelser. Dette gjelder blant annet brudd på regler om konkurranse, likebehandling og etterprøvnbarhet. Slike brudd på grunnleggende prinsipper for anbudsvirksomheten lager rom for misligheter, og vanskeliggjør etterfølgende kontroll. Brudd på anbudsreglementet kan således ha medført et betydelig misbruk av skattemidler.

På hvilken måte vil statsråden ta tak i problematikken overfor de enkelte departementene, særlig i forhold til departementenes kontroll med underliggende virksomheter, for å sikre at anbudsreglementet for fremtiden etterfølges?»

Per-Kristian Foss (H) [10:08:11]: Utgangspunktet for å bruke offentlige penger er at man bruker andres skattepenger. Det maner til den aller største forsiktighet. Det maner til forsvarlig bruk og åpenhet og etterprøvnbarhet av beslutningene om ressursbruk. Dessverre viser det seg gang på gang at det syndes mot disse verdier, og nettopp offentlig anskaffelse har vist seg å være et område hvor det syndes mye – og det er ikke småting det dreier seg om.

Offentlig sektor i Norge har årlige anskaffelser av varer og tjenester, inkludert bygge- og anleggsarbeider, for nær 250 milliarder kr. Den betydning offentlige anskaffelser derfor har for effektiviteten og ressursbruken i offentlig sektor, er stor. Totalt utgjør disse anskaffelsene et av de største markedene for næringslivet og opp mot 20 pst. av hele brutto nasjonalproduktet vårt.

I den årlige rapporten fra Riksrevisjonen, kalt Dokument nr. 1, er det vist til en rekke, og til dels omfattende, brudd på regelverket for offentlige anskaffelser, herunder brudd på det som burde være helt grunnleggende prinsipper for konkurranse, likebehandling og åpenhet – og dermed etterprøvnbarhet. Salg uten forsvarlige anbudsrunder, mangelfull dokumentasjon og anskaffelsesprosesser og svakhet ved bruk av rammeavtaler er dessverre gjennomgående trekk ved for mange offentlige virksomheter. I en rekke virksomheter som i tidligere år har hatt til dels strenge merknader for tilsvarende forhold, er dessverre lite eller ingenting forbedret.

Riksrevisjonen påpeker det betydelige alvoret i at regelverket ikke etterleves, og understreker bl.a. at dette kan medføre betydelig økt risiko for misbruk og misligheter tilknyttet bruken av offentlige midler, og ikke minst en ineffektiv utnyttelse av statens ressurser. I siste instans er dette altså den enkelte borgers skattepenger.

Det er dessverre et bredt spekter av departementer og statlige virksomheter som ifølge Riksrevisjonen bryter med reglene for offentlige anskaffelser. Noen er gamle travere i denne bransjen, f.eks. Direktoratet for arbeidstilsynet – et direktorat som for tiden er under en ganske intens offentlig oppmerksomhet av andre årsaker. De har fått tilsvarende merknader fra Riksrevisjonen for fjerde år på rad. Arbeids- og inkluderingsdepartementets tilsvaret er at man også i år tar dette «alvorlig» og satser på «kompetanseheving (...) samt oppdatering og kursing ift. egne retningslinjer». Dette fremstår neppe som tilstrekkelig

svar eller tilstrekkelig løsning for andre enn sannsynligvis noen internt i departementet selv.

Fiskeridirektoratet er en annen virksomhet hvis anskaffelsespraksis i enkelte saker nok en gang ifølge Riksrevisjonen utgjør «et massivt brudd på gjeldende regelverk for offentlige anskaffelser». Dette har funnet sted gjennom en ugjennomsiktig prosess, som har ledet til forskjellsbehandling av potensielle tilbydere, og at de nevnte anskaffelsene har blitt dyrere enn nødvendig.

Riksrevisjonens konkrete eksempler er mange og strekker seg over hele spekteret av tjenester og virksomheter. Merknader om mangelfulle anskaffelser er sendt til Barnevernet, Toll- og avgiftsdirektoratet, Forsvarsdepartementet og Mattilsynet. Mattilsynet har selv uttalt til Riksrevisjonen at 20 av 40 leverandører er valgt uten at det foreligger dokumentasjon på anbudsinnhenting, eller uten anbud i det hele tatt. Nå er jeg klar over at Mattilsynet ble etablert ganske hastig og under ganske sterkt press fra Stortinget, men det er viktig at Fornyingsdepartementet ivaretar disse reglene, slik at ikke hast kan være en unnskyldning for å bryte reglene, for reglene er satt der også av det samme storting. Kunnskapsdepartementet, Statens vegvesen og Luftfartstilsynet er ytterligere eksempler på etater som har stygge merknader. Ellers ser det også ut til at statsråden har en viss jobb å gjøre ved å feie for egen dør, siden Riksrevisjonen særlig påpeker at det er «uheldig» og «kritikkverdig» at Fornyings- og administrasjonsdepartementet selv ikke har rutiner på plass for å etterleve anskaffelsesregelverket, til tross for at dette har vært påpekt ved gjentatte anledninger.

Statsråden kommer sikkert i sitt svar til å fortelle oss hvor mye fint verktøy – eller «smykker», som det het under en tidligere næringsminister – hun har i skrinet sitt for å bedre situasjonen. Utstyrt med det nye regelverket for offentlige anskaffelser og Klagenemnda for offentlige anskaffelser – heretter kalt KOFA – vil statsråden nok si seg klar til å ta fatt i problematikken. Nettopp klagenemnda er en interessant illustrasjon på hvor stort behovet faktisk har vært – og fortsatt er – for opprydding på dette feltet.

Etter at nemnda ble opprettet under Bondevik II-regjeringen i 2003, har den årlig behandlet mellom 180 og 260 saker, til sammen nå 868 saker. For øyeblikket har nemnda over 100 saker til behandling, fortsatt med en behandlingstid på opp mot ett år, ifølge nemndas egne nettsider – til tross for statsrådets snart ett år gamle forsikring til stortingsrepresentant Torbjørn Hansen. I et svarbrev fra departementet sier statsråden at arbeidet er i gang, som det heter, med vekt på å få ned restansene og behandlingstiden generelt. Da har det ikke skjedd mye på det siste året i forhold til KOFA. Det skal legges til at brukerundersøkelser viser at brukerne er fornøyd med KOFAs håndtering. Det er bra, men saksbehandlingstiden er fortsatt altfor lang. Det gjør at KOFA må legge til side viktige saker og prioritere på en måte som gjør at viktige saker ikke blir behandlet slik at de kan gi effekt. For å si det på en annen måte: Det virker som om man nesten kan si at det er lettere å synde for så å be om tilgivelse etterpå, enn at behandling i KOFA har reell virkning for saken. Allerede i februar i fjor meldte media at næringsdrivende oppfatter det

som meningsløst å sende inn klage. Da var behandlingstiden 7 måneder. Nå er den lengre.

Jeg forutsetter at statsråden ser viktigheten av dette arbeidet med ryddige, åpne og etterprøvbare anskaffelsesprosesser basert på reell konkurranse. Jeg tror det her i tillegg til å vise til regler er viktig at statsråden setter disse spørsmål på den politiske dagsordenen i Regjeringen og sørger for at man fra politisk hold, altså fra statsrådenes side i andre departementer, virkelig vektlegger dette arbeidet. Det er sikkert slik at denne regjeringen allerede nå har begynt på budsjettarbeidet for 2008, og da er det min erfaring at det mangler penger på et tidspunkt. Da kan det være nyttig også å se på egen virksomhet, om man ikke kan få mer ut av de pengene man faktisk har til disposisjon, uten å innkreve mer fra skatteborgere, og da er anskaffelsespraksis virkelig et av de store områdene å kaste seg over.

L o d v e S o l h o l m hadde her teke over presidentplassen.

Statsråd Heidi Grande Røys [10:16:32]: Lat meg fyrst få takke representanten Foss for at han tek opp det som for oss er ei svært viktig sak, og som gir meg moglegheit til å gå gjennom dei endringane vi no har gjort i lov om offentlege innkjøp, forslag som nettopp skal hindre regelbrot – bevisste eller ikkje. Ingen bør vere i tvil om at denne regjeringa meiner at dei brota som Riksrevisjonen har peika på, er uhaldbare, likeins som vi meiner at andre brot på regelverket som har vore avdekte i offentleg sektor i fjor, òg er uhaldbare. Vi har teke tak i problemet, og vi gjer noko med det.

Det skal vere nulltoleranse når det gjeld bevisste brot på innkjøpsregelverket. Manglar du vilje til å følgje regelverket, skal det heretter få konsekvensar. I fjor vår fekk Regjeringa gjennom ei lovending her i Stortinget, og nytt lovverk gjeld frå 1. januar i år. Frå og med nyttår kan innkjøp som ein gjer utan fyrst å ha kunngjort ein konkurranse og det er i strid med regelverket, verte straffa med eit gebyr på inntil 15 pst. av innkjøpsverdien. Skaffar ein innkjøpar ei teneste for 1 mill. kr utan å ha kunngjort innkjøpet, vil verksemda altså måtte betale opp til 150 000 kr i overtredingsgebyr. Det trur eg faktisk kjem til å svi.

For at dette riset bak spegelen skal kjennast som ein reell trussel og føre til betre etterleving av reglane, er det viktig at innkjøparane er sikre på at sanksjonen vert handheva. Som kjent er det KOFA som skal ha denne oppgåva. I haust endra vi forskrifta slik at kretsen av kven som kan klage ulovlege direkteinnkjøp inn til KOFA, no vert utvida. Før måtte du ha ein sakleg nærleik til kjøpet, no er dette fjerna i desse sakene: Kven som helst kan i prinsippet klage. For å fremje effektiviteten av desse nye reglane ytterlegare vart det dessutan bestemt at klagar i desse sakene ikkje skal betale klagegebyr. Med desse tiltaka er altså terskelen for å få handsama klagar om ulovlege direkteinnkjøp senka. Dermed aukar sjølv sagt risikoen for å måtte betale dyrt for manglande etterleving av reglane.

Kapasitetsutfordringar i KOFA skal ikkje vere ei sovepute for innkjøparane. Eg er godt fornøgd med at Stortinget

gav tilslutning til vårt forslag om å auke løyvingane til nemnda både for 2006 og 2007. KOFA er no godt skodd for å vareta den oppgåva dei har med å avdekkje og sanksjonere ulovlege direkte innkjøp og andre brot.

Når representanten Foss seier at det ikkje har skjedd noko sidan eg meldte til representanten Torbjørn Hansen i fjor at vi no var i gang med å rydde opp, har det rett og slett å gjere med at Stortinget løyvde desse pengane før sommaren, for det var i revidert budsjett Regjeringa foreslo det. Det må trass i alt gjennom ei behandling i Stortinget. Så har vi ein sommarferie som gjer at ei utlysing og ein tilsetjingsprosess tek litt tid. Men tidleg på hausten hadde vi nye saksbehandlarar på plass. Eg var sjølv i Bergen i november og snakka med KOFA og sekretariatsleiar, og fekk eit svært klart inntrykk av at no var dei i gang med å få ned restansane. Vi har òg nettopp gjennomført ei evaluering av KOFA, der inntrykket er det motsette av det representanten Foss hevdar; næringslivet er tvert imot nesten meir fornøgd med KOFA enn eg hadde vågd å håpe på. Så vi må ikkje vere med og forsterke eit inntrykk av at KOFA ikkje fungerer. KOFA fungerer, men sjølv sagt skal restansane ned, og difor har vi gjort løyvinga for 2007 større.

I tillegg har Regjeringa valt å innføre ei ny plikt til å føre protokoll for alle innkjøp over 100 000 kr. Dette vil sjølv sagt òg gjelde for innkjøp i departement og underliggjande etatar. No vil òg små kjøp kunne etterprøvast, og gjennom protokollen vil ein m.a. kunne kontrollere at konkurransekrevet vert følgt. Det er utarbeidd eit enkelt, valfritt skjema som dekkjer kravet til innhaldet i ein protokoll, slik at det skal vere lettvent for innkjøparane å oppfylle plikta. Protokollane skal journalførast og gå fram av offentlege postlister. Når ny offentleglov trer i kraft, truleg frå neste år, vert protokollen eit offentleg dokument. Dersom ein innkjøpar bryt det grunnleggjande kravet i regelverket når ein gjer innkjøp, er altså no risikoen for å verte oppdaga betydeleg større enn før. I tillegg skal sjølv sagt protokollen inngå i det materialet som revisjonen kvart år skal gjennomgå, både i kommunar, fylkeskommunar, statlege etatar og det som er indre stat.

Det er slik at brot på innkjøpsregelverket kan ha fleire grunnar enn manglande vilje til å kunngjere innkjøpa. Brota kan ha si årsak i manglande kunnskap om *når* regelverket gjeld, og *korleis* regelverket skal brukast. Medan manglande vilje til å følgje regelverket må møtast med sanksjonar, kontroll og straff, treng ein informasjon og rettleiing dersom organisasjonen manglar kompetanse om korleis ein skal gjennomføre eit innkjøp. Difor har eg òg satsa mykje på førebyggjande tiltak.

Frå 1. januar i år har vi fått på plass eit fornya og forenkla regelverk for offentlege innkjøp. Eg trur og håpar at når no desse reglane er gjennomgått og oppdaterte, vert dei òg lettare å følgje.

I samband med fornyinga av regelverket utarbeidde vi ein ny og omfattande rettleiar. Han kom i trykt versjon før jul, slik at innkjøparane skulle ha tid til å setje seg inn i regelverket før det skulle begynne å gjelde. Det vart sendt ut til innkjøparar over heile landet, m.a. til kommunane. Det er allereie tomt, så vi har måtta trykkje opp eit nytt og

større opplag. I tillegg har vi sjølvsagt laga ein elektronisk versjon, og det er den versjonen vi kjem til å satse på stendig skal haldast oppdatert. Eg trur at rettleiaren vil vere eit godt verktøy som vil gjere det lettare for kvar enkelt innkjøpar å følgje regelverket.

Som ei vidare oppfølging av rettleiinga i regelverket er embetsverket i mitt departement stadig vekk ute og held foredrag om dei nye reglane for å auke kunnskapen om og etterlevinga av desse.

Som ein ser, har vi gjort ei rekkje tiltak for å auke fokuset på regelverket, gjere det lettare tilgjengeleg og ikkje minst ha ei god rettleiing i korleis det skal nyttast. I tillegg til desse tiltaka vurderer vi fortløpande i kva grad ytterlegare tiltak kan eller bør setjast i verk for at det skal ligge føre eit tilstrekkeleg godt tilbod om rettleiing og informasjon på området.

Vi har altså sytt for ei rekkje tiltak for å fremme etterleving av regelverket. Men så er det altså sånn at innkjøp er delegert i offentleg sektor. For departementa sin del betyr det at ansvaret for å gjennomføre innkjøp, og dermed for å syte for at ein har tilstrekkeleg kompetanse til å gjennomføre innkjøp på ein korrekt måte, ligg til kvart enkelt departement og til kvar enkelt underliggjande verksemd.

Eg har ikkje høyrte at representanten Foss har tenkt å sentralisere innkjøpa, men det kan ein jo eventuelt kome inn på vidare – vi har ikkje tenkt å foreslå det.

Så konkret til Riksrevisjonens rapport. Vi skal vel ha ein eigen debatt om den seinare, når komiteen er ferdig med å behandle heile rapporten, men lat meg berre seie at eg synest innhaldet er pinleg. Eg meiner det, rett ut – det er pinleg. Eg gav straks, faktisk same dag, beskjed om at her skal det sendast ut brev – vi kan ikkje ha det sånn. Eg sende brev til alle departement, der eg bad dei om å passe betre på at regelverket vert etterlevt ved eigne innkjøp. Eg bad statsrådene i kvart departement syte for at deira underliggjande etatar gir desse reglane større merksemd. Kvart departement må sjå på dei interne rutinane for å vurdere korleis desse kan betrast. Likeins bad eg om at kvart departement må syte for å halde ved like og vidareutvikle den interne kompetansen ein har om reglane. Eg oppfordra alle statsrådene til å sjå på kva tiltak som kan gjerast i kvart enkelt departement, for dette kan vere ulikt, og det er ulikt kven som har fått kommentarar. Likevel må kvart enkelt departement gå igjennom sin portefølje, for å sjå korleis ein heilt konkret kan sikre betre etterleving av innkjøpsreglane og sjølvsagt ha ei tettare oppfølging av sine underliggjande etatar.

I mitt departement, slik representanten Foss var inne på, fekk vi ei skrape. Eg er ikkje fornøgd med det, og vi har gjort det same – vi har sett i gang tiltak. Arbeidet i mitt departement skjer etter tre linjer. Nøkkelmedarbeidarar skal lærast opp, saksbehandlarane skal få ei betre rettleiing i korleis ein skal gjennomføre innkjøpsprosessar, vi skal ha klårare interne rutinar for korleis ein går fram ved offentlege innkjøp, og vi skal aktivt nytte tilgjengeleg verktøy.

Sjølvsagt er e-handelsverktøy ein glimrande måte å få både openheit og transparens på, og ikkje minst at ting er i eit system. Du får det ut for konkurranse, du får inn an-

bod, og du sikrar deg dermed både at det er ope og transparent, og at dei som er villige til å levere tilbod, faktisk har ei moglegheit til det. Så det å ta i bruk e-handelsverktøy er sjølvsagt ein glimrande måte å få dette inn i eit system på.

I tillegg til arbeidet internt har eg skrive brev til mine underliggjande etatar, der eg ber dei gripe fatt i problemstillinga og tilsvarande sjå på kva dei konkret har tenkt å gjere for å auke etterlevinga av regelverket.

Regjeringa fekk tilslutning frå Stortinget til våre forslag om endringar i ny lov om offentlege innkjøp, og eg har brukt tida på å gå igjennom dei. Det som i tillegg er blitt slått eintydig fast i lova no, allereie i formålsparagrafen, er at regelverket skal medverke til at det offentlege opptrer med stor integritet, slik at innbyggjarane har tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnsstenleg måte. Det ligg i regelverkets natur at det vil ha ein førebyggjande funksjon i forhold til å motverke regelbrot og i verste fall korrupsjon. Det er nettopp difor vi må etterleve regelverket.

Presidenten: Då får interpellanten høve til ein merknad, avgrensa til 3 minutt.

Per-Kristian Foss (H) [10:26:48]: Jeg deler statsrådens oppfatning av at det er pinlig gang på gang å måtte få slike merknader fra Riksrevisjonen.

Jeg er glad for at statsråden ikke brukte den vanlige teknikken med å si at dette har jo skjedd under flere regjeringer. For det har det gjort, men det er ingen unnskyldning for dem som sitter. De som sitter, må til enhver tid gjøre det som er mulig for å sørge for at vi ikke fortsatt har slike tilstander, som i ytterste fall kan føre til korrupsjon.

Jeg vil ikke sentralisere innkjøp, men jeg vet jo så pass at det er ganske tett kontakt mellom eksempelvis Helse- og omsorgsdepartementet og helseforetakene om økonomi. Ja, vi kan lese om det daglig. Det går som oftest ut på å be om mer penger, men det er ganske viktig at den kontakten også inneholder en klar beskjed om at vi ikke vil ha det slik vi har sett det i avisene i det siste – at sykehusdirektører forteller at vi har bare kjøpt som før, for det er ikke andre leverandører. Vel, det vet man jo ikke før man har utlyst anbudet.

Så jeg er fornøyd med statsrådens oppfølging. Det er bare én ting jeg vil påpeke, som jeg håper er en «slip of the tongue»: Hun snakker om at vi har nulltoleranse for bevisste brudd. Nei, vi må ha nulltoleranse for alle brudd! Det typiske er nemlig at man påberoper seg at dette visste vi ikke, vi kunne ikke, var det slik det var, osv. Mangel på kunnskap om regelverket er ingen unnskyldning for å bryte reglene.

Jeg er også fornøyd med at det nå gjøres oppfølging. Jeg sa ikke at brukerne var misfornøyd med KOFA. Jeg sa tvert imot at jeg kjenner til brukerundersøkelsen som viser at et stort flertall er veldig fornøyd eller fornøyd, men man påpeker at saksbehandlingstiden fortsatt er et problem. Derfor vil jeg avslutningsvis gjerne utfordre statsråden til å sette seg et mål for hvor lang saksbehandlingstid man kan tolerere, for det å ha et mål er rett og slett

ganske viktig for KOFA også for å få ned saksbehandlingstiden. Og saksbehandlingstid er viktig, for effektive sanksjoner må ikke bare være trussel om bøter, men faktisk også at man kan få det på et tidspunkt som virker.

Presidenten: Då får statsråden også høve til ein merknad, avgrensa til 3 minutt.

Statsråd Heidi Grande Røys [10:29:27]: Ja, president, det er ikkje sikkert eg treng å bruke 3 minutt.

Eg er i all hovudsak einig i alt representanten Foss sa. Eg er, som representanten Foss, oppteken av at ein i ein dialog med underliggjande etatar òg må ta opp desse problema, og det er sjølvsagt eit viktig krav at ein frå leiinga i departementet si side signaliserer nulltoleranse og faktisk påpeiker at dette er eit leiaransvar. Ein kan ikkje seie at dette er det innkjøpsavdelingane sjølve som skal styre med, det er eit leiaransvar. Dette handlar om etikk, om moral, og det handlar om bruk av det som representanten Foss seier, skattebetalarane sine pengar. Det er viktig. Og det er viktig at vi har tillit i befolkninga til at vi bruker pengane på rette plass, og ikkje for mykje til feil innkjøp eller for dyre innkjøp fordi ein har kutta nokre svingar.

Difor har eg når eg har vore rundt no på diverse konferansar i hovudsamanslutningane i staten, snakka om etikk, eg har snakka om verdiar, og eg har snakka om kva som skal liggje til grunn for offentleg verksemd. Og eg snakkar med topleiarane i staten om det same. I brevet mitt til departementa er det framheva det same: Det er eit leiaransvar å sørje for at regelverk vert følgde, òg regelverket om offentlege innkjøp. Her ligg det store verdiar, som representanten var inne på, kanskje vel 250 milliardar kr etter kvart. Det er store summar det er snakk om.

Det som er ein av fordelane ved å følgje lova og å gjere innkjøp riktig, er at ein faktisk, som Foss er inne på, får billigare anbod. Og kva gjer det? Jo, det frigjer pengar til andre investeringar og/eller til drift i ein kommune, i ein fylkeskommune, i eit sjukehusføretak eller i staten sjølv. Så det er heilt opplagt at vi treng å ha ei bevisst holdning og eit leiarfokus òg på denne delen.

No vil eg seie at vi skal aldri ynskje å få slike negative oppslag og negative saker som vi har fått med desse grove overtredingane som vi har hatt. Men det det iallfall gjer, er å gjere oss bevisste som følgje av det. Eg håpar og trur at det har ført til at ein ved dei ulike verksemdene no faktisk set seg ned og går igjennom dette. No har vi fått nytt regelverk i tillegg. Det må ein kunne. Vi har gjort ein ganske god jobb med å prøve å forenkle regelverket, ikkje for å gjere det mindre aktuelt, men for rett og slett å gjere det lettare å etterleve. For det gamle regelverket var tungvint skrive, det var vanskeleg tilgjengeleg, og det kunne i seg sjølv vere ei årsak til regelbrot. Det må vi som lovgivarar og forskriftsgivarar prøve å unngå ved at vi passar på språket vårt, og ved at regelverket framstår som eintydig og lett å etterleve. Men så er det no òg, som sagt, følgt opp med sanksjonar og overtredingsgebyr for dei som likevel ikkje klarer å halde seg innanfor regelverket.

Gunvor Eldegard (A) [10:32:54]: For Arbeidarpartiet er det viktig at det offentlege opptrer som profesjonell og ryddig innkjøpar som følgjer alle relevante lover og reglar. Difor er eg veldig glad for at representanten Per-Kristian Foss gjennom denne interpellasjonen gir oss høve til å setja fokus på dette igjen og debattera dei utfordringane me har på området.

Riksrevisjonen sin rapport peiker på ei rekkje brot på regelverket som faktisk kan ha medført eit betydeleg misbruk av skattepengar. Seinast her om dagen var det oppslag på nyheitene knytt til brot på innkjøpsreglane, denne gongen i sjukehussektoren. Og som statsråden framheva i innlegget sitt: Dette skal ikkje tolererast. Folk flest må ha tillit til at offentlege innkjøp skjer på ein samfunnstenleg måte. Det er utruleg viktig at departementa går føre som gode eksempel. Eg er difor glad for dei grepa statsråden har teke for å fremja etterleving av regelverket.

Offentleg sektor gjer no innkjøp for over 270 milliardar kr i året. Det er difor svært viktig at me har eit godt regelverk som stimulerer til gode og effektive innkjøp. Regelverket må ikkje vera så komplisert at det vert for vanskeleg å følgja opp, og det bør heller ikkje vera for ressurskrevjande eller byråkratisk. Som statsråden sa, er det no sett i verk nye reglar om sanksjonar mot offentlege etatar som gjer grove brot på innkjøpsreglane. Då vert det ekstra viktig for det offentlege at dei ikkje gjer seg skuldige i alvorlege brot på regelverket, for det kan faktisk kosta dei dyrt.

Den innkjøpsfaglege kompetansen varierer nok i stor grad i offentleg sektor, og mange stader må det satsast meir på kompetansetiltak internt. Det er då viktig at dei som sit på denne kompetansen, vert kopla inn i innkjøps-sakene. Eg trur at i mange offentlege etatar, t.d. i kommunane, må det samarbeidast meir på tvers av sektorar eller fagområde for å sikra betre etterleving av innkjøpsreglane. Evalueringsrapporten om KOFA syner at kommunal sektor er overrepresentert i forhold til talet på klagar dei handsamar, og talet på brot på regelverket. Dei tiltaka som statsråden gjorde greie for at ho har gjennomført i departementet sitt som ei direkte oppfølging av Riksrevisjonen sin rapport, kan nok med fordel også følgjast opp av andre.

Eg trur ein bør vurderer å styrkja rådgjevingstilbodet til offentlege innkjøparar. Både departementa og KS gjer ein stor innsats på dette området m.a. med å utarbeida rettleiarar i regelverket. Men det kan henda at det også er andre rådgjevingstilbod som skal vurderast. Profesjonelle innkjøparar vil vera bra både for den enkelte offentlege verksemd, for næringslivet og for samfunnet elles.

Åge Starheim (FrP) [10:36:33]: Vi i Framstegspartiet er også svært glade for at representanten Per-Kristian Foss tek opp dette i interpellasjonen, slik at vi får høve til å få fokus på ei særdeles viktig sak som, som det har vorte påpeikt her, også kan bety betydeleg innsparte statlege, offentlege, midlar som ein har vel bruk for rundt omkring i heile Noreg. Dette vert kanskje her sett på som ei statleg sak. Men eg vil påpeike at det er kanskje vel så viktig å setje fokus på det som skjer i fylkeskommunane og i kom-

munane, altså i heile det offentlege systemet rundt omkring i landet.

Det er ille å oppleve gjennom aviser, radio og tv ved fleire høve å få servert avsløringar som vert gjorde på grunnlag av ulovlege innkjøp i det offentlege systemet. Det er forunderleg at ein ikkje har bygd opp sikkerheits-tiltak rundt omkring i det offentlege systemet som kunne fange opp dette på eit langt tidlegare tidspunkt. Det som skjer, beviser at det ikkje er tilfellet. Det ville vere til stor nytte for omdømet til det offentlege systemet, og ikkje minst kunne det vere med og bidra til at ein unngår personlege tragediar for dei som vert freista til å føreta slike ulovlege handlingar. For det viser seg ofte i etterkant at det er langt fleire enn akkurat den personen som har gjort dette, som får merke verknadene av desse avsløringane. Så her har statsråden eit særdeles stort ansvar, å syte for at det offentlege systemet får lærdom om korleis dei må gjere det for å kunne utarbeide eigne sikkerheitstiltak som avslører slike ting på eit tidleg tidspunkt.

Eg kjenner Heidi Grande Røys såpass godt at eg trur ho meiner det ho seier, og ut frå det vert det spennande å sjå om vi no for ein gongs skuld unngår at det vert ei liknande sak ved neste høve. Eg er glad for at Per-Kristian Foss også påpeikar at det må vere nulltoleranse ikkje berre ved bevisste handlingar, men også ved andre, for det vert ofte brukt som argument at dette kjende vi ikkje til – svært ofte er det heilt bevisst det dei har gjort.

Eg synest òg det er trasig å bruke som eit eksempel det som har skjedd i mitt eige heimfylke, der vi hørde på lokalradioen for to dagar sidan om eit interkommunalt renovasjonsselskap i Nordfjord. Kommunen eig dette selskapet 100 pst. I styret for dette selskapet sit det fleire tidlegare ordførarar og noverande ordførarar, daglege leiarar og Kristeleg Folkeparti sin gruppeleiar på fylkestinget, slik at det er erfarne politikarar som sit i dette interkommunale renovasjonsselskapet. Styret oppretta eit aksjeselskap, brukte innbetalte renovasjonsavgifter og betalte inn aksjekapitalen, noko som dei ikkje har lov til, og det som så har skjedd, er at dette interkommunale renovasjonsselskapet har gitt transport av avfall til sitt eige selskap, og det utan å sende det ut på anbod. Det mest kritikverdige her er jo at dette selskapet er i ei monopolstilling, der dei har monopol på å frakte avfall og innhente avfall frå abonnentane. Abonnentane har altså inga moglegheit til å kunne gå til andre, konkurrerande selskap, så her kan ein setje den prisen på renovasjonsavgifta som ein vil. Når ein då til alt overmål også veit at nestleiarer i dette interkommunale selskapet er medlem av kontrollnemnda i Sogn og Fjordane fylkeskommune, begynner det å verte litt vanskeleg for desse å bortforklare det som har skjedd her. Det som vert brukt som unnskyldning for ikkje å sende det ut på anbod, er at ein ikkje hadde tid til det. Det ber eg statsråden om å sjå på, og det vert interessant å høyre statsråden sitt syn på akkurat det.

André Oktay Dahl (H) [10:41:57]: Jeg er fra Rome-rike, så det er en par-tre ting som jeg delvis kjente igjen i beskrivelsen her.

At staten bryter dette regelverket, skaper visse signaler innad, men ikke minst utad i forhold til kommuner og fylkeskommuner. I kommunal sektor har vi i likhet med forrige taler sett hvor mye slurv det er med eksempelvis dokumentasjon, notaritet, i forhold til hva som skjer ved en anskaffelsesprosess. Kunnskapen om regelverket er definitivt ikke helt på høyden. Det er kanskje heller ikke mulig i en liten kommune som ikke akkurat er så attraktiv for de mer laudable kandidatene enn meg i forhold til å jobbe der for å påse at regelverket forstås og etterleves, og det kombineres ofte med at rullegardinen går ned blant ansvarlige politikere, både i denne salen og kommunalt, når man diskuterer kontrollspørsmål, for det er ikke så visjonært og interessant som å budsjettere. Da blir det heller ikke nok politisk press på å etablere gode nok kontrollregimer i kommunene, i fylkeskommunene og heller ikke i staten. Det som er faren, er jo at det skapes kulturer for at det er greit, og at det også på sikt kan skape rom for at mer uhederlige personer enn både fylkesordførere og ordførere kan se sitt snitt til å skaffe seg raske penger i et rom som åpner for det. I forhold til den innnyndingsvirksomheten som disse organiserte kriminelle miljøer bedriver på bredt plan, er det jo faktisk ingen feberfantasi å frykte at de vil søke seg til de pengevaskemaskinene hvor internkontrollen er svakest. Så økt kunnskap er nødvendig statlig, men ikke minst kommunalt – det har jo kommunalministeren tidligere fokusert på.

Som representanten Foss sa i sitt innledningsinnlegg, er hovedkonklusjonen at brukerne er gjennomgående fornøyd med KOFA, men saksbehandlingstiden er det de er misfornøyd med. På hjemmesiden til nemnda skriver man at man har en saksbehandlingstid på «opp mot et år» og «saker der kontrakter er inngått, eller oppdragsgiver ikke vil vente med å inngå kontrakt blir nedprioritert».

Jeg opplever at det er en større grad av frustrasjon i næringslivet enn det som ble fremført av statsråden her i dag. Eksempelvis ber jo Rådgivende Ingeniørers Forening om at Regjeringen sørger for at saksbehandlingstiden går ned, eller eventuelt legger ned hele organet, for det er ikke noen vits i å ha et organ som riktignok tas på alvor når de har tid til å se på saken, men hvis de ikke har tid til å se på saken, blir det jo heller spesielt attraktivt å sende klager dit. Det er jo en klar bestilling til revidert nasjonalbudsjett, og vi velger på bakgrunn av statsrådets positive signaler å tolke det dit hen at man i hvert fall vil vurdere tilleggsbevilgninger når man kommer dit om få måneder.

78 pst. av de spurte i en meningsmåling som ble gjort i Aftenposten i fjor, mente at korrupsjon forekommer i noen eller i stor grad i offentlig sektor i Norge, og bare hver tiende nordmann har tillit til myndighetenes evne til å avsløre korrupsjon. Det mener jeg er alvorlig, for den mistilliten har kraft i seg til å undergrave demokratiet innenfra omtrent på samme måte som terrorisme skaper frykt og tvil om hvorvidt demokratiet greier å slå tilbake. Det er i det perspektivet vi må lese denne interpellasjonen i dag og prøve å bekjempe denne type regelverksbrudd som kan utvikle seg til noe langt mer alvorlig senere.

Som det er sagt, er også åpenhet, innsyn og ikke minst gode varslingsrutiner viktig. Den nye offentlighetsloven som vi vedtok i fjor, kan bli et nytt verktøy i kampen mot regelverksbrudd og korrupsjon. Det hender at selv om man bryter reglene internt og man tror ingen oppdager det, er det ganske kjekt – noen ganger i hvert fall – at media oppdager det og kan oppdage det. Så er det noen ildsjeler – noen vil kalle dem nerder, jeg kaller dem ildsjeler – som jobber for å avsløre det man kan se av negativ kultur i offentlig sektor.

Det er imidlertid behov for å utvide den lovens virkeområde ytterligere til også å gjelde andre rettsobjekter som utfører helse-, omsorgs- og utanningstjenester, for der er det ekstreme summer som ikke undergis en offentlig kontroll på tilsvarende måte som andre sektorer i dag. Det håper jeg Regjeringen etter hvert er villig til å vurde-re, i likhet med utvidet mulighet til å drive selskapskontroll i kommunene.

Det viktigste med denne interpellasjonsdebatten er at vi også fra statlig hold, når sjansen byr seg, ikke bare i kontrollkomiteen, men i alle komiteer i dette huset, benytter anledningen til å se på om det er slik at staten går foran med et godt eksempel i forhold til å håndheve regelverket som det er, og som det forstås. Det tror jeg ikke. I hvert fall er dette starten på noe jeg håper kan bli positivt for å skape de holdningsendringene som er helt nødvendige, både statlig og kommunalt, for å få bukt med regelverksbrudd, enten de er bevisste eller ubevisste. Det er veldig greit å få presisert fra både statsråden og andre talere at rettsvillfarelse fritar ikke for straff, heller ikke alkoholisme. Men det har jo andre klargjort tidligere.

Karin Andersen (SV) [10:47:08]: Dette er en veldig viktig sak, slik både interpellanten og statsråden sier. Jeg er veldig glad for statsrådets svar, som klargjør veldig tydelig at man har et fast grep om det. Man etablerer regler som alle skal vite om. Man etablerer rutiner som skal kontrollere og sanksjonere, og man har en bevisst politikk som viser at man skjønner at man må ruste opp det apparatet som skal håndtere dette regelverket. Det er utrolig viktig, for ofte kan det bli amatørernes møte med de proffe. Derfor blir det også en politisk – kanskje vanskelig – øvelse både i stat, kommune og fylke å sikre at vi har de ressursene som skal til for å gjøre dette. Det er ikke nødvendigvis noe folkekrav å bemanne opp på disse områdene, som ikke er folkelige, men hvor det er helt nødvendig at man har den kompetansen på plass, slik at det blir korrekt, og at vi forhindrer de bruddene og de negative konsekvensene som flere har pekt på, både når det gjelder korrupsjon og andre typer mislighold. Varsling ble også nevnt av representanten Oktay Dahl som en viktig bit av dette.

Jeg vil bruke mesteparten av taletida mi til å snakke om noe som ingen har nevnt i dag. Det er de nye reglene som trer i kraft fra 1. januar, og som dreier seg om at våre regler for innkjøp også skal ta slike hensyn at vi ikke fortsetter å kjøpe så mye diskriminering som vi har gjort til nå. Representanten Foss sier at vi handler for 260 milliarder kr pr. år, og mye av dette brukes til å kjøpe ting, bygning-

ger, anlegg, IT – mange forskjellige ting – som ikke er brukbare for hele befolkningen. Vi har hatt en plan- og bygningslov i mange år som har sagt at man skal bygge slik at byggene er tilgjengelige, men det har dessverre ikke skjedd. Mange steder er det nok kultur for at det er greit at dette glipper.

Jeg vil utfordre statsråden til å svare på om de kontroll- og sanksjonsmuligheter som nå ligger i loven, også er klare til å tas i bruk i forhold til disse bestemmelsene, som gjelder at det vi skal kjøpe inn nå, skal være brukbart for alle. Et skrekkelig eksempel den siste tida er f.eks. Flytoget, som nå har kjøpt inn nye vogner igjen som viser seg ikke å være tilgjengelige for folk med bevegelseshemninger. Slik kan man fortsette i etat etter etat. Jeg tror at den bevissthetskampanjen som må gjøres på dette viktige området, må være like tung som det som nå gjøres i de andre delene av regelverket, som også er viktig. Men dette dreier seg om at man skal bruke sin markedsrett som offentlig oppkjøper til å skaffe til veie et samfunn som kan brukes på like fot av alle. Det er utrolig viktig. Det er utrolig viktig i staten, og det er utrolig viktig i offentlig sektor. Det er for så vidt også veldig viktig at man også i privat sektor tenker over hvordan man bruker sin store kjøpekraft. Det er veldig store penger vi snakker om nå, som vi legger inn i et slikt marked, men det koster så forferdelig mye for det offentlige når slike ting ikke kommer på plass. Så jeg er veldig glad for at denne regjeringen i sterk grad har tatt de første skritt for å sikre at også staten gjennom sin innkjøpspolitikk ikke fortsetter å kjøpe diskriminering.

Jeg er litt mer i tvil om vi er sterke nok på det, og om vi har sanksjonsmuligheter på plass som gjør at dette vil bli funksjonelt. Jeg skal gjenta det jeg sa i interpellasjonen på tirsdag: Jeg mener vi må agere slik som man gjorde da man bygde med ulovlig tropisk regnskogtømmer. Da fikk man beskjed: Riv det ned. Det er ikke lov, riv det ned. Slik må det også bli når noen kjøper noe som ikke er tilgjengelig og brukbart for alle. De må få beskjed om å kjøpe på nytt. Det kommer til å bli dyrt, men vi vet at – for å si det på engelsk – «money talks». Det skjønner mange. Det må koste å bryte innkjøpsregelverket på disse andre områdene, men det må koste og svi akkurat like mye å bryte regelverket på de områdene som gjør at vi fortsetter å konstruere samfunnet på en slik måte at ikke alle mennesker i dette landet er likestilt.

Jan Sahl (KrF) [10:52:25]: Representanten Per-Kristian Foss tar i interpellasjonen opp kritiske punkt mot økonomistyringen i departementer og underliggende etater som Riksrevisjonen har kommet med i sin årlige rapport til Stortinget.

Kontroll- og konstitusjonskomiteen vil på vanlig måte behandle denne rapporten i vår og gi sin innstilling til Stortinget. Da vil dette og de øvrige funnene i Riksrevisjonens gjennomgang av forvaltningen bli kommentert. Det gjelder kritikken som går på etterlevelsen av regelverket for offentlige anskaffelser i flere ulike tilsyn og underliggende etater, men i like stor grad kritikken som er reist når det gjelder manglende utnyttelse av budsjettmidler

eller resultatoppgjørelse på viktige områder som barnevern, attføring, barne- og ungdomspsykiatri og rusbehandling.

Fra Kristelig Folkepartis side vil vi understreke at alle punkter som Riksrevisjonen tar opp i sitt årlige Dokument nr. 1, må tas på alvor av departementer og storting. Det er særlig alvorlig hvis Riksrevisjonen kommer med vesentlige merknader over flere år, uten at det skjer nødvendige forbedringer av rutiner i de berørte departementene.

Interpellanten reiser spørsmålet om hvilke grep fornyingsministeren vil ta overfor berørte departementer for å sikre at anbudsreglementet følges for framtiden.

Det er sannsynligvis bred enighet både i regjeringsapparat og storting om at hovedansvaret for å forbedre svakheter som Riksrevisjonen påpeker, ligger i de berørte departementene, med hvert departements sjef – som vel fortsatt er statsråden – som ansvarlig leder. Jeg vil derfor være forsiktig med å pålegge fornyings- og administrasjonsministeren et særlig ansvar når det gjelder oppfølgingen av det enkelte departements økonomistyring. Når et tema tatt opp av Riksrevisjonen blir gjennomgående for flere departementer, slik som i dette tilfellet, må det vel også være lov å regne med at Statsministerens kontor sørger for at det rettes et tilstrekkelig overordnet søkelys mot forbedringer i hele regjeringsapparatet.

Men fornyings- og administrasjonsministeren har som kjent et direkte ansvar for regelverket for offentlige anskaffelser, herunder også å kunne gi anbefalinger om hvordan regelverket bør følges opp. Når Riksrevisjonen påpeker brudd på regelverket for offentlige anskaffelser, betyr det at kravene til gjennomføring av anbudsprosesser for innkjøp over 500 000 kr ikke er fulgt. Her må etter Kristelig Folkepartis syn ikke svaret være å heve terskelverdien ytterligere, men heller vurdere om det finnes ytterligere forenklingsmuligheter eller muligheter til å forbedre brukerveiledningene – som jo også ministeren har gitt uttrykk for at hun har gjort en innsats for å få på plass. Vi snakker tross alt om store statlige etater som en bør forvente har både kompetanse og ressurser til å kunne gjennomføre og overvåke større innkjøp i henhold til et fornuftig regelverk.

Det blir muligens litt på siden av hovedtemaet i interpellasjonen, men spørsmålet om åpenhet omkring innkjøpsprosesser er beslektet med spørsmålet om etterlevelse av regelverk. Fornyings- og administrasjonsministeren har som kjent ikke ønsket å gå videre med et sentralt opplegg for forenklet kunngjøring av alle offentlige innkjøp som er noe lavere enn terskelverdien på 500 000 kr. Med utgangspunkt i Riksrevisjonens anmerkninger burde det vært aktuelt å vurdere i hvert fall et sentralt opplegg for offentliggjøring av innkjøp under terskelverdien i statsadministrasjonen. Regelverket omkring det å bryte et stort tilbud opp i mindre tilbud, tilpasset terskelverdien, er et av flere kompliserte elementer i det samlede regelverket. Et klarere krav til offentlighet også i forkant av innkjøpsprosesser under terskelverdien vil medvirke til å gjøre slike tilpasninger mindre interessante.

Ib Thomsen (FrP) [10:57:07]: Det spørsmålet representanten Foss tar opp, er ikke noe nytt, men en gjengan-

ger som i årevis har figurert i Dokument nr. 1, uten at det tilsynelatende har skjedd registrerbare forbedringer. Statsråd etter statsråd har sagt at man tar kritikken på alvor, og har lovet å gjøre noe med det. Og så skjer det ingen ting.

Spekuleres det i en grenseløs tålmodighet fra Stortingets side, eller er man ganske enkelt blitt vant til at ingen aktiv parlamentarisk oppfølging skjer, og at det heller ikke får konsekvenser for noen at Stortingets og Riksrevisjonens kritikk ikke blir etterfulgt?

Mitt poeng er at den manglende oppfølgingen fra departementets side må få følger for noen, og at man ikke lenger skal kunne løpe fra sitt ansvar. Det må innarbeides rutiner i departementet hvor den enkelte virksomhetsleder i mye større grad blir ansvarliggjort. Dette var jo noe statsråden redegjorde for i dag, og vi er spente på oppfølgingen av det. Dette burde være et tema som egner seg for drøftelser og seminarer i regjeringskontorene.

Det er mitt og Fremskrittspartiets sterke ønske at vi om et år, når vi behandler Dokument nr. 1, skal slippe på nytt å måtte påpeke åpenbare brudd på anbudsreglementet, prinsippet om konkurranse, likebehandling og etterprøvbarehet. Jeg vil også da imøtese informasjon om hva departementet har gjort for å følge opp de klare signaler som er kommet i dag.

Når reglene ikke følges, kan det klart føre til misbruk av offentlige midler. Det at det offentlige må betale mer enn nødvendig for varer og tjenester fordi man ikke har fulgt opp alle anbudsregler, er meget beklagelig. Det er en klar løsning med offentlige midler, og det er skattebetalerne som må betale regningen – som også flere representanter har nevnt i dag.

Det kan faktisk også være konkurransevridende når det ikke er like spilleregler for alle aktuelle anbydere og selskaper. Det er også en fare for mislighet, som f.eks. at partene som driver med dette, kan se seg tjent med å dele på fortjenesten som ligger i dette. Og da snakker vi om korrupsjon. Korrupsjonsskandalene som vi ser i dag i flere kommuner rundt omkring i landet, tror jeg bare er toppen av isfjellet. Folk i Norge er mistenksomme, og skal etter min mening være mistenksomme, og varsle – som også er blitt nevnt.

I Akershus, Romerike, der jeg kommer fra, har vi sett noen grelle eksempler på at man ikke har fulgt regelverket på alle områder, og hvilke konsekvenser det har fått.

Per-Kristian Foss (H) [11:00:24]: Jeg er enig med representanten Karin Andersen i at det også trengs en bevissthetskampanje når det gjelder tilgjengelighet, i forbindelse med anskaffelser. Det er spørsmål om hva man skriver i tilbudet. Jeg er fortsatt sjokkert over at man i Norge anskaffer, for å si det litt enkelt, kommunikasjonsmidler der man må gjøre oppmerksom på at det er problemer med å komme inn – og det er helt nye ting. Det er et eksempel på en ukultur som ikke kan fortsette. Men det er nok et eksempel på at innenfor visse etater, særlig på den tekniske siden, er man mer opptatt av teknikk enn av brukervennlighet, fordi man blir så opptatt og besnæret av den nye teknikkens muligheter. At det rett og slett skal

være samme høyde på kommunikasjonsmidlet som på perrongen, burde være løsbart.

Staten skal gå foran som et godt eksempel. Jeg er enig i at kommunene dessverre er overrepresentert i brudd på anskaffelsesreglementet, men staten er mer profesjonell, fordi staten er større og på godt og vondt mer sentralisert. Så staten må gå foran med et godt eksempel. Og skal vi som politikere kunne tukte kommuner og fylkeskommuner, må vi kunne si at i staten er vi bedre.

Fornyingsdepartementet skal ha en koordinerende rolle i slike saker. Jeg er klar over at det ikke finnes noen overstatsråd blant statsrådene, men hvis jeg skulle få gi et godt råd – for å ta sitatet fra representanten Andersen: «money talks» – så må det være å minne statsråden om at snart kommer både første og andre budsjettkonferanse. Kan man spare penger i eget departement ved å få mer ut av midlene – det er altså det dreier seg om – slik at de kan brukes på andre gode områder, eller på eget området, hvor det alltid vil mangle noe, ja, så er muligheten der nå til å gjøre noe med det. Den er der ikke på tre ukers varsel, men den er der nå, tidlig på året.

Så vil jeg til slutt utfordre statsråden til å sette seg et mål og nå si fra til Stortinget hva som bør være akseptabel saksbehandlingstid, og hvor langt ned man kan klare å kutte antallet restanser i KOFA.

Statsråd Heidi Grande Røys [11:02:57]: Eg har brukt mi tid i debatten på å gå igjennom dei endringane Regjeringa foreslo for Stortinget i samband med ny lov om offentlege innkjøp, og som vi fekk brei tilslutning til i Stortinget. Eg meiner at vi med det har gitt innkjøparane i kommunane, fylkeskommunane, helseføretaka og staten eit godt verktøy – eg er ikkje sikker på om vi kan bruke ordet «verktøy» lenger – til å halde seg innafor lova. Og det er det viktigaste. Det er det vi skal bidra med. Vi skal bidra med lover og reglar som er lette å følgje, og som minskar rommet for skjøn og tvil om kva som er rett, og kva som er gale. I tillegg har vi innført, som eg seier, sanksjonar dersom det blir gjort grove brot på kunngjeringsreglane.

I tillegg offentleggjer vi no mykje meir, som eg var inne på. Det er plikt om at protokollar skal leggjast ut, som t.d. postlister. Kven som helst – media, innbyggjarar

og andre leverandørar – vil dermed få mykje større innsikt i kva som faktisk går føre seg ved innkjøp. Og heretter kan altså kven som helst klage dette inn for KOFA.

Når det gjeld KOFA, har KOFA sjølv sett seg eit mål om både kva tid dei skal ha fått ned restansane, og kor lang saksbehandlingstid som etter det skal vere normalen. Eg skal vurdere å følgje opp representanten Foss si utfordring og presentere Stortinget for det målet. Eg har ikkje funne det rett å gjere det pr. no, i og med at ein nettopp har kome i gang med å få ned restansane. Skal vi først kunngjere eit mål, må vi vere i stand til å nå det målet. Det viktigaste for meg er at eg etter gjennomgangen med KOFA i Bergen fekk veldig klare lovnader, og eg har veldig stor tru på at ein er på rett veg og vil få ned restansane, slik at det å klage blir opplevd som ein reell prosess, og at svaret ikkje kjem etter både vinter og vår.

Elles var representanten Starheim inne på ei konkret hending frå Nordfjord, som gjaldt interkommunale selskap. Representanten Ib Thomsen og fleire var inne på det same, at det skjer ein del i kommunesektoren. No har ikkje eg noko ansvar for det, men det eg bruker å seie, er at kommunestyra er altfor lite villige til å diskutere det kommunerevisoren faktisk leverer av rapportar. I desse rapportane ligg det mykje interessant. Det kan godt hende at nokre av oss er nerdar når vi i kommunestyra har synst det har vore interessant å diskutere revisjonsrapportar, men eg har alltid halde innlegg, for eg synest det er interessant: Kva bruker vi skattebetalaranes og fellesskapets pengar til, og skjer det på rett måte? Eg vil i alle fall seie at ein slik diskusjon som Stortinget i dag har hatt, og som vi skal ha fleire gonger, burde òg kommunestyrerepresentantar rundt omkring i landet ta initiativ til.

Presidenten: Dermed er debatten i sak nr. 1 over.

S a k n r . 2

Referat

Presidenten: Det ligg ikkje føre noko referat.

Ber nokon om ordet i høve til § 37a i forretningsordene? – Møtet er heva.

Møtet slutt kl. 11.05.
